



Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep

Dato
LEIKANGER, 31.01.2005

0032 OSLO

"Samla innsats - Ny struktur" - Innstilling frå Styringsgruppa for den blå-grønne mataliansen - høyring

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har i møte for Hovudutval for plan og næring 26.01.05, gjort følgjande vedtak:

Vedtak knytt opp mot overordna framlegg nr. 3:

- 1 Sogn og Fjordane Fylkeskommune ser positivt på at ein får klargjort roller og definert kjerneaktivitetar i forskingsinstitusjonane. Ein forenkla struktur vil gjere det lettare for næringslivet å komme i inngrep med forskingsinstitusjonane.
- 2 Fylkeskommunen meiner at det er rett å skilje næringsretta og forvaltningsretta forskning. Dette vil oppretthalde tilliten til at forvaltningsretta forskning er uhilda.

Vedtak knytt til andre deler av rapporten:

- 3 Vestlandet er den viktigaste havbruksregionen i Noreg. Det er viktig at den marinbiologiske kompetansen og forskinga på Vestlandet ikkje blir svekka. Dette vil oppretthalde tilliten til uhilda forvaltningsretta forskning.
- 4 Tanken om "meir forskning for kvar krone" utfordrar særleg småskala marine næringar. Fleire marine næringar er oppbygging/oppskaleringsfasen. Kravet til eigenkapital vil kunne føre til at forskning og utvikling innan desse artane stoppar opp. Styresmaktane må difor sette særskild fokus på dette. Ei løysing kan vere at forskinga og oppskaleringa som ligg til den tidlege FoU-fasen blir sett på som forvaltningsforskning. I tillegg bør det etablerast øymerka offentlege utviklingsprogram for FoU for nye marine artar. Også innanfor landbruket må forskinga intensiverast.

Med helsing

Lena Merete Söderholm



rådgjevar

Vedlegg:

Kopi av vedtak frå saksprotokoll, Hovudutval for plan og næring, møte 26.01.05

Mottakar

Fiskeri- og kystdepartementet Postboks 8118 Dep 0032 OSLO